



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 26.01.2016

Sak nr.: 16/527-2

Internt l.nr.: 3612/16

Sak: 10/16

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 26. januar 2016**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte
 - Inneklima og vedlikehald av fylkeskommunale bygg

Prosjektet er i rute. Ferdigstillingsdato er seinast utgangen av mars 2016.

2. Forvaltningsrevisjon – overordna analyse
 - Prosessmøte 1 med kontrollutvalet - risikospel
 - Diskusjon og vurderingar av risikoar innanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde

Prosessmøte vart gjennomført. Revisor og kontrollsjef arbeider vidare med den overordna analysen , og innarbeider dei innspel som kom fram i møtet.

3. Oppfølging av FR Tryggleik og beredskap – status v/Assisterande fylkesrådmann

Assisterande fylkesrådmann orienterte om status for oppfølginga av fylkestingsvedtaket etter gjennomført forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap. Det vart bedt om utsetting av fristen for å fullføre oppfølginga til 31.12.2016 på grunn av at arbeidet med ROS-analysen vil skje etter at ny organisasjonsstruktur for sentraladministrasjonen er på plass 1. april 2016.

4. Diverse orienteringar v/Assisterande fylkesrådmann

Orienteringane vart gitt i lukka møte, ref. kommunelova § 31, pkt. 3.

5. Orientering frå leiar og kontrollsjef

Leiar tok opp e-posten frå Nondal, som førre leiar i kontrollutvalet mottok 19. oktober 2015, til handsaming. Utvalet var samde om at det skal utarbeidast og sendast eit svar via e-post til Nondal. Kontrollutvalsleiar og kontrollsjef fekk fullmakt til å utarbeide og sende dette.

